



Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Formannskapet	25.02.2015	
	Kommunestyret		
Sakshandsamar:	<i>Rolf-Henning Myrmel</i>		
Arkivsaknr.:	14/251	Klassering:	FE - 635, HistSak - 11/965

Digitalt nødnnett

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Austrheim kommunestyre oppretter eit prosjekt for innføring av nødnnett. Kostnaden med innføring av nødnnett kr 240 000 vert dekkja med overføring med kr 120 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 120 000 frå prosjekt 033508 asfaltering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nødnett var bestemt innført i 2004, Hordaland fra ca 2007. Ein har frå 2007 ventet på det nye felles nødsambandet for brann, helse og politi. Det har pga økonomiske og tekniske grunner stadig vorte utsatt. Ein har pga at det har vert svært usikkert om kor tid og kva kostnader det ville medføre ikkje lagt det inn i budsjettet for 2015. No kjem det og utrullinga går raskt. Radioar til mannskap er bestilt og utstyr som skal monterast i bilene vert montert i uke 9-10. Staten tar kostnaden med radio men montering, kartterminal, kursing osv må den enkelte kommune ta. Det skal og innførast nye prosederer for utkalling og radiobruk.

HENDINGSINFORMASJON TIL KARTPLOTTAR I BRANNBILAR

For at brannmannskap skal kunne få hendingsinformasjon frå 110-sentralen til kartplottar i brannbilen må brannvesena ha ein ekstrakabel som kan koplast mellom den køyretøymonterte TETRA-terminalen og kartplottaren.

Utalarming frå 110-sentralen til brannmannskapa går til den handhaldne radioterminalen. Når mannskapa har kome i bilen sender dei ei statusoppdatering til 110-sentralen om at dei rykkjer ut. Deretter får mannskapa ein oppfølgar-SDS frå 110-sentralen til den køyretøymonterte radioen med utfyllande informasjon om hendinga og geografisk posisjon. Denne informasjonen kan overførast via kabel til ein kartplottar i bilen slik at posisjonen og anna informasjon visast på skjermen.

Kartplotter og kabelen som trengs til dette er ikkje ein del av leveransen og må anskaffast og finansierast av brannvesena sjølve.

I dag støttar både Locus og SAAB sine bilmonterte kartsystem denne metoden. Ein har pga kostnader lagt opp til at det berre vert kartterminal i vaktbilen.

Det er lagt opp til fylgjande framdrift for prosjektet:

Uke	Aktivitet
5 – 12	Radioterminaler leveres ut og monteres i bil
10 - 12	Distribusjon av håndsett
15 – 17	Kurs Vision Boss
17 – 18	Superbrukerkurs radioterminal
21. mai	Ready for Go-Live Tetra
21 – 24	Dekningstester i eget distrikt
21 – 26	Konfigurasjon av Vision Boss
32 – 36	Lokal opplæring
34 – 36	Operatørkurs ICCS
36 – 37	Lokale forberedelser
16. September (u38)	Go-Live step 1
40 – 42	Operatørkurs Vision
28. Oktober (u44)	Go-Live step 2

Investeringsoversikt:	Kartterminal ca	kr 40 000
	Billadere, batterier,	
	Radiovesker osv. ca	kr 12 000
	Full finansiering av bil	kr 58 000
	Monteringskostnader ca	kr 40 000

Kurs, dekningskontroll mm.	Kr 60 000
Lisenser	Kr 30 000
Sum	Kr 240 000

Vurdering

Innføring av Tetra er pålagt av staten og ein kan ikkje velje å stå utanfor. Kommunens kostnad med innføringa er usikker men det er frå DSB – Nødnett antydd at ein for gjennomsnitt kommune vil ha ein kostnad på ca kr 250 000.

Folkehelse

Nødnett skal betre kommunikasjon mellom nød etatane og sikre utkalling av mannskap til brann og ulykker.

Økonomi

Kostnadene til innføring og lisensar til Nødnett vil være betydelig høgare en dagens system. Abonentkostnaden vil etter priskalkulatoren til Direktoratet for nødnett bli kr 130 468 eks mva pr. år. En reknar med at lisensavgifta begynner i uke 44. Det er ikkje avsett midlar for innføring og drift av Nødnett da ein har vert usikker på kor tid det faktisk vert sett i drift. Ein rår til at ein opprettar eit prosjekt for innføring av nødnett og overfører kr 240 000 delt med kr 120 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 120 000 frå prosjekt 033508 asfaltering.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre oppretter eit prosjekt for innføring av nødnett. Kostnaden med innføring av nødnett kr 240 000 vert dekkja med overføring med kr 120 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 120 000 frå prosjekt 033508 asfaltering.

Sakspartar

